

# Møteprotokoll for Kommunestyret

**Møtedato:** 05.03.2026  
**Møtestad:** Kommunestyresalen  
**Møtetid:** kl 10.00 - 12.10

| <b>Møtedeltakarar</b>      | <b>Parti</b> |
|----------------------------|--------------|
| Iren Klungtveit Slagstad   | AP           |
| Kristine Bøe Berge         | AP           |
| Mads Drange                | AP           |
| Stian Ollila               | AP           |
| Sølve Myrvang              | AP           |
| Harald Bjarne Hellesen     | H            |
| Randi Laache Kilane        | KRF          |
| Torbjørn Indrebø           | KRF          |
| Berit Fyljesvoll Haugslund | SP           |
| Øystein Wigestrund         | SP           |
| Øyvind Tveitane Lovra      | SP           |
| Åshild Vetthus             | SP           |
| Åsmund Bakka               | SP           |
| Reidar Sand                | SV           |
| Dag Fisketjøn              | V            |
| Olav Lindseth              | V            |

| <b>Forfall meldt frå følgjande</b> | <b>Parti</b> |
|------------------------------------|--------------|
| Kari Vaage Gjuvsland               | AP           |
| Sverre Underbakke                  | H            |
| Lars Arne Bjørkland                | SP           |

| <b>Følgjande varamedlemmar møtte</b> | <b>Parti</b> |
|--------------------------------------|--------------|
| Odd Rune Malerbakken                 | AP           |
| Sanja Roganovic Heggelund            | H            |
| Geir Ove Løland                      | SP           |

Andre:

Kommunedirektør Siri Halvorsen  
Kommunalsjef Øyvind Stueland  
Kommunalsjef Turid Vaage  
Kommunalsjef Svein Carlos Nilsen Gjil

Prosjektleder i Ryfylke IKS, Andrea Tobekk Hebnes, orienterte om Ryfylke IKS og strategi 2026-2031 før møtet.

**Møtesekretær:**

## Saksliste

| Saksnummer | Sakstittel                                                                                                                          |  |
|------------|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|--|
| 001/26     | Godkjenning av innkalling og sakliste                                                                                               |  |
| 002/26     | Godkjenning av møteprotokoll                                                                                                        |  |
| 003/26     | Spørsmål og interpellasjon                                                                                                          |  |
| 004/26     | Meldingar                                                                                                                           |  |
| 005/26     | Val av settemedlem i kontrollutvalet                                                                                                |  |
| 006/26     | Kvalitetsmelding for barnehage, skule og SFO 2025                                                                                   |  |
| 007/26     | Endringar av vedtekter for barnehagane i Suldal                                                                                     |  |
| 008/26     | Revidering av forskrift om SFO (skulefritidsordning), Suldal kommune                                                                |  |
| 009/26     | Næringsarbeid - organisering                                                                                                        |  |
| 010/26     | Tilleggsbevilgning mobildekning Kolstø/Tysse                                                                                        |  |
| 011/26     | Ryfylke IKS - Honorar til ungdomsstyret for representant valt av kommunen                                                           |  |
| 012/26     | Utgreiing av vernestatus, historikk og utviklingsmoglegheiter i Hålandsdalen i samarbeid med grunneigarar og relevante faginstansar |  |
| 013/26     | Innspel til fylkeskommunens handlingsprogram for samferdsel                                                                         |  |

001/26 Godkjenning av innkalling og sakliste

Innkalling og sakliste blir godkjent slik ho ligg føre.

### **05.03.2026 Kommunestyret**

#### **Handsaming:**

Samrøystes i samsvar med innstillinga.

#### **K - 001/26 Vedtak:**

Innkalling og sakliste blir godkjent slik ho ligg føre.

002/26 Godkjenning av møteprotokoll

Protokollen frå førre møte blir godkjent slik han ligg føre.

### **05.03.2026 Kommunestyret**

#### **Handsaming:**

Møteprotokollen vert godkjend, med atterhald om at vedlegget frå budsjettsaka i desember blir funne og lagt ved.

Samrøystes.

#### **K - 002/26 Vedtak:**

Protokollen frå førre møte blir godkjent slik han ligg føre ,med atterhald om at vedlegget frå budsjettsaka i desember blir funne og lagt ved.

003/26 Spørsmål og interpellasjon

### **05.03.2026 Kommunestyret**

#### **Handsaming:**

Spørsmål frå Iren Klungtveit Slagstad, AP:

Sender spørsmål frå Suldal Ap som me ønskjer å få svar på i kommunestyret torsdag 5. mars.

Bruk av nettbrett:

Det har den siste tida vore fleire saker i media om elevar som har hatt med seg skulen sine nettbrett heim, som ikkje var sikra godt nok mot vald, pornografi og anna skadeleg innhald. Basert på dette skreiv kunnskapsministeren tidlegare i vinter eit brev til kommunane kor ho var svært tydeleg på at « Digitale enheter som ikke er sikra mot at elever kan få tilgang til nettsteder og utsettes for overgrep eller skadelig innhold som vold og pornografi, ikke skal

sendes med elevene hjem».

Suldal AP har heilt sidan nettbretta vart innførte i Suldalsskulen vore skeptisk til både omfanget av bruken, tryggleiken og læringsutbyttet. Me har difor både auka løyvingane til fysiske bøker og sørga for laderar på skulen, slik at ikkje elevane treng ta med seg nettbretta heim. Me er også glad for at det i det siste åra har vore ein meir balansert bruk av digitale einigar i skulen enn det var dei første åra etter innføringa. Den digitale tryggleiken representerer likevel framleis ein stor uro for oss, og sakene den siste tida har aktualisert dette.

I brev til foreldre som kom etter pålegget frå ministeren, skriv kommunen at ein har satt i gang tiltak som redusera risikoen, men at «ein ikkje kan gje ein absolutt garanti for at det aldri kan skje at elevane kjem seg inn på uønska nettsider».

Ein utfordrar så foreldra til å følgja med på kva nettbretta blir brukt til heime, guidar foreldra til korleis ein kan laga eigne avgrensingar på nettbretta og peiker på opplæring i «god digital dømmekraft» i staden for å halda brettet på skulen.

Me har følgjande spørsmål basert på dette brevet:

- Kva forventningar til dømmekraft generelt, og digital dømmekraft spesielt, tenkjer kommunedirektøren ein kan ha til ein 6-åring?
- Kva ansvar har foreldra for at hjelpemidla skulen deler ut er trygge?
- Korleis sikrar ein at foreldre med ulike språk og digital kompetanse kan bidra til å sikra nettbretta slik ein anbefaler i brevet?
- Ikkje alle foreldra er heime rett etter skuletid, og ikkje alle ungar går på SFO. Er det mogeleg å reservera seg mot å få nettbretta heim, om ein ikkje er tilstades og kan følgja med på ungane sin bruk av nettbretta?

Svar frå kommunedirektøren på spørsmål frå Iren Klungtveit Slagstad, AP:

Utdanningsdirektoratet skriv mykje om digital dømmekraft på sine nettsider og i samband med LK 20. 2.1 Digitale ferdigheter som grunnleggende ferdighet | udir.no. Det står mellom anna: Digitale ferdigheter innebærer også å utvikle digital dømmekraft ved å tilegne seg kunnskap og gode strategier for nettbruk. Digitale ferdigheter er en viktig forutsetning for videre læring og for aktiv deltakelse i et arbeidsliv og et samfunn i stadig endring. Den digitale utviklingen har endret mange av premissene for lesing, skriving, regning og muntlige uttrykksformer. Derfor er digitale ferdigheter en naturlig del av grunnlaget for læringsarbeid både i og på tvers av faglige emner. Dette gir muligheter for nye og endrede læringsprosesser og arbeidsmetoder, men stiller også økte krav til dømmekraft. Kompetansemåla i læreplanen spesifiserer også dugleikar som er forventa på ulike nivå og etter 4. klasse er bruk av informasjon i ulike kjelder og vurdering av desse eit kompetansemål i dei fleste fag (mål 1.-4. klasse). Rits har også utarbeidd ein spesifikk liste for digitale dugleikar på dei ulike trinna: <https://ryfylkeskulen.no/edk-rettelær/#ftoc-heading-7>

Dømmekraft og digital dømmekraft er som med andre dugleikar noko som må trenast opp og utviklast over tid. Ein 6-åring vil i dei fleste tilfelle ha dårlegare dømmekraft enn ein 9-åring. Difor har skulane i Suldal læringsbrettet på skulen for dei minste elevane, nettopp for å la dei trene i trygge rammer på skulen som ein start. I kva grad ein bruker Ipad både på skulen og til heimearbeid varierer noko mellom skulane, då behovet er ulike. Det er viktig for oss å understreka at Ipad er eit godt læringsverktøy som gir gode moglegheiter for digital aktiv læring, variert læringsressursar, tilpassa opplæring for den enkelte og gir elevane digitale dugleikar dei er forventa å meistra når dei går ut av grunnskulen.

Det er også viktig å framheva at det er lagt på eit ekstra filter for ei såkalla kvitelisting på 1-4.klasse. Det vil seie at ein stenger tilgang til alle nettsider utanom dei som blir godkjente for bruk i undervisning. Ergo kan ein ikkje søka på skadeleg innhald, då det berre er nettsider som t.d. Det lille norske leksikon og læreverka sine sider som er godkjente for 1-4. klasse. Sider som ikkje er på kvitlista vil ikkje fungera.

Læringsbrettet skulen deler ut er i utgangspunktet godt sikra og trygge.

Når det gjeld ansvar for dei føresette syner kommunedirektøren til avtalen om læringsbrett dei føresette har signert:

Føresette har saman med skulen eit ansvar for å rettleia og følgja opp eleven, for å unngå ulovleg nettbruk, spesielt knyta til sosiale media.

- Føresette har også eit ansvar for elevane sin bruk av læringsbrettet heime. Læringsbretta skal også her nyttast til undervisnings- og læringsføremål.

Elevane sine læringsbrett er eit læringsverktøy og skal berre brukast til undervisnings- og læringsføremål. Det vil seie at spelning, surfing på irrelevante nettsider med meir ikkje er å rekna så godkjend bruk. Dersom dette blir brote viser ein til retningslinjene for ordensbrot nedanfor.

Kommunikasjon er alltid viktig. Korleis ein oppfattar og forstår ting vil kunna variera. Barnehage og skule er opptekne av god kommunikasjon og låg terskel for føresette til å ta kontakt. Dette lokalt tilpassa på ulike einingar. Vidare er dette noko ein heile tida må jobba med, og ein vil også framover sjå på kva ekstra tiltak ein kan setja i verk for desse gruppene.

Per i dag er det ingen reservering mot å få dei med heim, men lokale tilpassingar etter behov, ulike einingar med ulike behov for bruk og organisernisering. (Dei minste har læringsarena heime).

Løysinga med Jamf-parenting gjer at føresette kan gjera Ipad- bruk utilgjengeleg for barna kva tid dei vil. Set ein opp sperre frå til dømes 13-19:00 vil Ipaden ikkje kunna brukast i det tidsrommet. Kommunedirektøren meiner dette gir gode moglegheiter for å hindra uønska bruka utan føresette tilstades.

Spørsmål frå Olav Lindseth, V:

Har følgjande spørsmål til kommunestyret den 05.03.26:

Kva er status og framdrift knytt til sak 024/25? Dette gjeld særleg punkt 1 og 2:

"Kommunestyret ber kommunedirektøren vurdere følgjande tiltak før endeleg handsaming av detaljreguleringsplan for nytt areal til råstoffutvinning i området Berakvam–Kordalsnuten (RU1, KPL202201):

1. Gå i dialog med mellom andre Mibau Stema Norge om ein avtale som sikrar følgjande:

- At selskapet si utvinning av råstoff innanfor gjeldande reguleringsplan i eit areal på minst 500 dekar i området KBA1 ikkje går djupare enn 5 moh.
- At Mibau Stema Norge skal halda på støyvoll/buffer som sikrar skjerming mot Ytre Høyvik.
- At kommunen overtek heile eller delar av arealet med mål om å leggja til rette for klimavenlege næringsaktørar.

2. Starta arbeidet med å regulera om KBA1 frå spesialområde steinbrot og masseuttak til eit område som kan brukast til ny klimavenleg næringsverksemd. Det skal setjast av eit areal på minimum 500 dekar til næringsverksemd, samt støyvoll som skjermer Ytre Høyvik. Det vil vidare bli sett krav til ny detaljplan i det aktuelle området ved etablering av ny klimavenleg næringsverksemd. Utover dette vil ein halda på dei fleste andre føremåla i gjeldande reguleringsplan.»

Det blir sett av NOK 500 000 til planarbeidet, finansiert frå disposisjonsfond.

3. Kommunestyret ber kommunedirektøren om å gå i dialog med statsforvaltaren og fylkeskommunen om tiltaka i punkt 1 og 2 kan vurderast som tilstrekkelege for å møta motsegnene som vert fremja i samband med kommuneplanen knytt til nytt areal for råstoffutvinning (Berakvam–Kordalsnuten)."

Svar frå kommunedirektøren på spørsmål frå Olav Lindseth, V:

1. Dialog vart oppretta med Mibau Stema våren 2025, og det har vore ein rekke møter i samband med denne saka. Det har òg vore kontakt med andre grunneigarar enn Mibau Stema.

Målet no er å ha klar ein avtale våren 2026 for politisk handsaming. Ein ynskjer å få næringsarealdelen så stor som mogleg (men målet om 500 dekar blir ikkje nådd).

Omega er i ferd med å gjere klart for å leggje planforslaget ut på høyring (mål: før påske).

Det er utfordrande å ta med området på utsida av fylkesvegen grunna forhold knytte til problemstillingar med sjø og laksefjorden. Dette vil redusere arealet, men kan gje raskare saksbehandling i regulering av området. Ein ser òg på moglegheit til å leggje tilbake vrakmassar på areal som er under 5 moh. Dette vil bidra til auka næringsareal.

Ein vil behalde støyskjerminga, men sjå på moglegheit til å redusere breidda noko. Effekten av støyvollen kan oppretthaldast når nivået på innsida blir betydeleg lågare enn dagens nivå. Differansen blir på ca. 25 m.

Intensjonen er at kommunen får tilgang til arealet og kan disponere det til framtidig næring. Eigarforhold og kompensasjon blir ivaretekne i avtalane med grunneigarar.

Det er advokatar frå begge partar med i møta for å utarbeide avtale.

Administrasjonen planlegg møte med øvrige grunneigarar (i hovudsak Høyvik Stein) i lag med deira advokat når vi har eit tydelegare faktagrunnlag og eit avtaleutkast for å avklare det som er relevant for dei.

2. Syner til svar over, arbeidet med å få omregulert og varsling om oppstart vert lagt ut på høyring truleg før påske.

3. Etter vedtaket vart det teke kontakt med Statsforvaltaren og fylkeskommunen i samband med dette punktet. Både Statsforvaltaren og fylkeskommunen var klare på at dei ville sjå planprogrammet og reguleringa før dei tok avgjerd i saka. Reguleringsarbeidet for Kordalsnuten går framover, og saka skal opp i juni.

Vi har ikkje fått innspel frå Statsforvaltaren og fylkeskommunen på bruken av det gamle arealet i det planarbeidet som skjer i høve til Kordalsnuten – dette har ingen samanheng, men blir sett på som to forskjellige saker.

Kommuneplanen vart i si tid godkjend utan at det vart stilt forbehold om å byggje vindmøller spesifikt, men med forbehold om å gjenbruke området til grøn industri.

Dette peikar Statsforvaltaren på i sitt svar til kommunen 16.05.2025: Sjølv om dette prosjektet ikkje lenger skal realiserast, har området framleis status som eit regionalt sjønært industriområde.

KBA1 inngår i areal som i regionalplan for grøn industri er vist som prioritert sjønært industriareal.

Statsforvaltaren støttar at det blir oppretthalde ein buffer, og rår til at denne blir så stor som mogleg for å skjerme dei viktige naturverdiane.

#### **K - 003/26 Vedtak:**

Til vitande.

004/26 Meldingar

### **05.03.2026 Kommunestyret**

#### **Handsaming:**

ME 1 Fråsegn om tilleggsutgreiing for villrein

ME 2 Informasjon til kommunane i Rogaland om budsjетtrammer mv. på landbruksområdet i 2026

ME 3 Informasjon til kommunene i Rogaland om budsjetttrammer mv. på landbruksområdet i 2026

ME 4 Melding - uttale til detaljplan for miljø og landskap - Blåfjell pumpe

ME 5 Oppgradering tursti Hellandsnuten

ME 6 Protokoll frå møte i Suldal kontrollutval 13.11.25

ME 7 Protokoll frå styremøte i Haugaland kontrollutvalssekretariat IKS 03.12.25

ME 8 Referat frå møte i Jelsa grendeutval 14.01.26

ME 9 Referat frå møte i Ropeidhalvøya grendeutval 03.12.25

ME 10 Referat frå møte i Ropeidhalvøya grendeutval 04.12.25

ME 11 Protokoll frå styremøte i Haugaland kontrollutvalssekretariat IKS 19.02.26

ME 12 Val av medlem til Ungdomsstyret i Ryfylke

#### **K - 004/26 Vedtak:**

Kommunestyret tek meldingane til vitande.

005/26 Val av settemedlem i kontrollutvalet

#### **Kommunedirektøren si innstilling**

Kommunestyret veljer .... som settemedlem i kontrollutvalet i perioden 05.03.2026 til og med 30.06.2027

#### **05.03.2026 Kommunestyret**

##### **Handsaming:**

Torbjørn Indrebø legg fram valutvalet si innstilling: Odd Rune Malerbakken.

Samrøystes i samsvar med valutvalet si innstilling.

#### **K - 005/26 Vedtak:**

Kommunestyret veljer Odd Rune Malerbakken som settemedlem i kontrollutvalet i perioden 05.03.2026 til og med 30.06.2027

006/26 Kvalitetsmelding for barnehage, skule og SFO 2025

#### **Kommunedirektøren si innstilling**

Kommunedirektøren si framstilling av kvalitetsmeldinga for barnehage, skule og SFO for 2025 blir teken til vitande.

#### **Vedtak som innstilling frå Levekårsutvalet, 18.02.2026**

Kommunedirektøren si framstilling av kvalitetsmeldinga for barnehage, skule og SFO for 2025 blir teken til vitande.

#### **16.02.2026 Råd for menneske med nedsett funksjonsevne**

##### **Handsaming:**

Rådet foreslår å ta saka til vitande med følgjande merknadar:

RMNF ser med bekymring på den aukande trenden der fleire elevar strevar med å gå på skulen og nytte det ordinære tilbodet. Pandemien blir peika på som mogleg årsak. RMNF saknar meir kunnskap rundt dette.

RMNF lurar på kor mange som er fritatt for å delta i nasjonale prøvar. Gjeld dette mange elevar? Kva er "krava" for å delta?

RMNF skulle ønska at kvalitetsmeldinga også sa noko om kva som blir gjort, heilt konkret, for å rekruttere kvalifiserte lærarar, utover vidareutdanning av allereie tilsette.

Samrøystes.

#### **RÅDF - 006/26 Vedtak:**

RMNF tek saka til vitande med følgjande merknadar:

RMNF ser med bekymring på den aukande trenden der fleire elevar strevar med å gå på skulen og nytte det ordinære tilbodet. Pandemien blir peika på som mogleg årsak. RMNF saknar meir kunnskap rundt dette.

RMNF lurar på kor mange som er fritatt for å delta i nasjonale prøvar. Gjeld dette mange elevar? Kva er "krava" for å delta?

RMNF skulle ønska at kvalitetsmeldinga også sa noko om kva som blir gjort, heilt konkret, for å rekruttere kvalifiserte lærarar, utover vidareutdanning av allereie tilsette.

#### **16.02.2026 Ungdomsrådet**

#### **Handsaming:**

Ungdomsrådet tek kvalitetsmelding for barnehage, skule og SFO 2025 til vitande med kommentar:

Ungdomsrådet ser positiv utvikling i forhold til kompetanse. Ingen kvilepute, fortsatt for låge tal. Ungdomsrådet meiner det må organisatoriske og strukturelle grep til for å betre dette.

#### **U - 004/26 Vedtak:**

Ungdomsrådet tek kvalitetsmelding for barnehage, skule og SFO 2025 til vitande med kommentar:

Ungdomsrådet ser positiv utvikling i forhold til kompetanse. Ingen kvilepute, fortsatt for låge tal. Ungdomsrådet meiner det må organisatoriske og strukturelle grep til for å betre dette.

#### **18.02.2026 Levekårsutvalet**

#### **Handsaming:**

Rådgjever helse og oppvekst Tore Bastlien Dahl orienterer om kvalitetsmeldinga.

#### **RØYSTING:**

Kommunedirektøren si innstilling:

Samrøystes.

#### **LEV - 008/26 Vedtak:**

Kommunedirektøren si framstilling av kvalitetsmeldinga for barnehage, skule og SFO for 2025 blir teken til vitande.

#### **05.03.2026 Kommunestyret**

#### **Handsaming:**

#### **RØYSTING:**

Samrøystes i samsvar med kommunedirektøren si innstilling.

#### **K - 006/26 Vedtak:**

Kommunedirektøren si framstilling av kvalitetsmeldinga for barnehage, skule og SFO for 2025 blir teken til vitande.

007/26 Endringar av vedtekter for barnehagane i Suldal

### **Kommunedirektøren si innstilling**

Levekårsutvalet vedtek lokale vedtekter slik dei ligg føre. Vedtektene blir gjeldane frå 01.08.26

### **Vedtak som innstilling frå Formannskapet, 19.02.2026**

Formannskapet vedtek lokale vedtekter slik dei ligg føre. Vedtektene blir gjeldane frå 01.08.26

### **16.02.2026 Råd for menneske med nedsett funksjonsevne**

#### **Handsaming:**

RMNF føreslår å ta forslaget til nye vedtekter for Suldal barnehage til vitande med denne merknaden:

- RMNF reagerer på setninga: "Det skal vere eit godt og likeverdig tilbod uansett alder, kjønn, religion, kultur" Her manglar funksjonsnivå.
- RMNF vil bemerke at forslaget til nye vedtekter ikkje ser ut til å vere vurdert i forhold til barn med nedsett funksjonsevne. Kva konsekvensar vil denne endringa ha for dei?

Samrøystes.

#### **RÅDF - 005/26 Vedtak:**

RMNF tek forslag til nye vedtekter for Suldal barnehage til vitande med følgjande merknad:

- RMNF reagerer på setninga: "Det skal vere eit godt og likeverdig tilbod uansett alder, kjønn, religion, kultur" Her manglar funksjonsnivå.
- RMNF vil bemerke at forslaget til nye vedtekter ikkje ser ut til å vere vurdert i forhold til barn med nedsett funksjonsevne. Kva konsekvensar vil denne endringa ha for dei?

#### **18.02.2026 Levekårsutvalet**

#### **Handsaming:**

RØYSTING

Kommunedirektøren si innstilling:

For: Samrøystes

#### **LEV - 007/26 Vedtak:**

Levekårsutvalet vedtek lokale vedtekter slik dei ligg føre. Vedtektene blir gjeldane frå 01.08.26

### **19.02.2026 Formannskapet**

#### **Handsaming:**

RØYSTING

Samrøystes i samsvar med kommunedirektøren si innstilling.

#### **F - 004/26 Vedtak:**

Formannskapet vedtek lokale vedtekter slik dei ligg føre. Vedtektene blir gjeldane frå

01.08.26

### **05.03.2026 Kommunestyret**

#### **Handsaming:**

RØYSTING:

Samrøystes i samsvar med formannskapet si innstilling.

#### **K - 007/26 Vedtak:**

Kommunestyret vedtek lokale vedtekter slik dei ligg føre. Vedtektene blir gjeldane frå

01.08.26

008/26 Revidering av forskrift om SFO (skulefritidsordning), Suldal kommune

#### **Kommunedirektøren si innstilling**

Levekårsutvalet vedtek lokale forskrifter slik dei ligg føre.

#### **Vedtak som innstilling frå Formannskapet, 19.02.2026**

Formannskapet vedtek lokale forskrifter slik dei ligg føre, med følgjande endring i § 5:

§ 5. Opningstid på skuledagar

SFO på skuledagar har som hovudregel opningstid måndag t.o.m. fredag, frå kl. 07.30 om morgonen og stengjer kl. 16.30 alle skuledagar. SFO er stengt i skuletida.

Det bør vera minst tre barn på SFO før einingsleiar vurderer å halde ope. Konkrete opningstider vil variera på dei ulike einingane ut frå driftsform og kapasitet på eininga.

Einingsleiar ved den einskilte SFO vurderer lokal tilpasning

Einingsleiar ved den einskilte SFO fastset opningstid i høve til behov og kan vurdere lokale tilpassingar. Der tilhøva ligg til rette for det, kan ein samarbeida med barnehagen om SFO-tilbod morgonar, ettermiddagar og i feriar. Dette grunna ulike start- og sluttider for skulane.

#### **16.02.2026 Råd for menneske med nedsett funksjonsevne**

#### **Handsaming:**

Rådet tek saka til vitande, med følgjande merknad:

SFO er ei svært viktig teneste for familiar som har barn med funksjonsnedsettelsar. RMNF kan ikkje sjå at konsekvensar for denne gruppa er tatt med i vurderinga. Samlokalisering i feriar vil kunne medføre større belastningar for dei som kanskje treng sfo aller mest.

Samrøystes.

#### **RÅDF - 007/26 Vedtak:**

Rådet tek saka til vitande med følgjande merknad:

SFO er ei svært viktig teneste for familiar som har barn med funksjonsnedsettelsar. RMNF kan ikkje sjå at konsekvensar for denne gruppa er tatt med i vurderinga. Samlokalisering i feriar vil kunne medføre større belastningar for dei som kanskje treng sfo aller mest.

#### **18.02.2026 Levekårsutvalet**

#### **Handsaming:**

RØYSTING:

Kommunedirektøren si innstilling:  
Samrøystes.

#### **LEV - 009/26 Vedtak:**

Levekårsutvalet vedtek lokale forskrifter slik dei ligg føre.

**19.02.2026 Formannskapet**

#### **Handsaming:**

Endringsforslag, foreslått av Olav Lindseth, Venstre

§ 5. Opningstid på skuledagar

SFO på skuledagar har som hovudregel opningstid måndag t.o.m. fredag, frå kl. 07.30 om morgonen og stengjer kl. 16.30 alle skuledagar. SFO er stengt i skuletida.

Det bør vera minst tre barn på SFO før einingsleiar vurderer å halde ope. Konkrete opningstider vil variera på dei ulike einingane ut frå driftsform og kapasitet på eininga.

Einingsleier ved den einskilte SFO vurderer lokal tilpasning

Einingsleiar ved den einskilte SFO fastset opningstid i høve til behov og kan vurderer lokale tilpassingar. Der tilhøva ligg til rette for det, kan ein samarbeida med barnehagen om SFO-tilbod morgonar, ettermiddagar og i feriar. Dette grunna ulike start- og sluttider for skulane.

#### **RØYSTING**

Samrøystes i samsvar med kommunedirektøren si innstilling, med endring i § 5.

#### **F - 005/26 Vedtak:**

Formannskapet vedtek lokale forskrifter slik dei ligg føre, med følgjande endring i § 5:

§ 5. Opningstid på skuledagar

SFO på skuledagar har som hovudregel opningstid måndag t.o.m. fredag, frå kl. 07.30 om morgonen og stengjer kl. 16.30 alle skuledagar. SFO er stengt i skuletida.

Det bør vera minst tre barn på SFO før einingsleiar vurderer å halde ope. Konkrete opningstider vil variera på dei ulike einingane ut frå driftsform og kapasitet på eininga.

Einingsleier ved den einskilte SFO vurderer lokal tilpasning

Einingsleiar ved den einskilte SFO fastset opningstid i høve til behov og kan vurderer lokale tilpassingar. Der tilhøva ligg til rette for det, kan ein samarbeida med barnehagen om SFO-tilbod morgonar, ettermiddagar og i feriar. Dette grunna ulike start- og sluttider for skulane.

**05.03.2026 Kommunestyret**

#### **Handsaming:**

Samrøystes i samsvar med Formannskapet si instilling.

#### **K - 008/26 Vedtak:**

Kommunestyret vedtek lokale forskrifter slik dei ligg føre, med følgjande endring i § 5:

§ 5. Opningstid på skuledagar

SFO på skuledagar har som hovudregel opningstid måndag t.o.m. fredag, frå kl. 07.30 om morgonen og stengjer kl. 16.30 alle skuledagar. SFO er stengt i skuletida.

Det bør vera minst tre barn på SFO før einingsleiar vurderer å halde ope. Konkrete opningstider vil variera på dei ulike einingane ut frå driftsform og kapasitet på eininga.

Einingsleier ved den einskilte SFO vurderer lokal tilpasning

Einingsleiar ved den einskilte SFO fastset opningstid i høve til behov og kan vurderer lokale tilpassingar. Der tilhøva ligg til rette for det, kan ein samarbeida med barnehagen om SFO-tilbod morgonar, ettermiddagar og i feriar. Dette grunna ulike start- og sluttider for skulane.

## **Kommunedirektøren si innstilling**

1. Kommunestyret tek til orientering at Næringshagen i Ryfylke ikkje kan levere tenester i tråd med vedtak og økonomiske rammer fastsette i samband med budsjettvedtaket for 2026.
2. Kommunedirektøren får ansvar for å organisere og løyse oppgåver innan næring og reiseliv for 2026 på ein føremålstenleg måte, innanfor vedteke budsjett.
3. Kommunedirektøren skal sjå arbeidet med næring og reiseliv i samanheng, inkludert bruk av interne og eksterne ressursar, og førebu ei heilskapleg løysing for vidare organisering av tenestene frå 2027.

Tiltaket blir finansiert ved allereie avsette midlar.

### **Vedtak som innstilling frå Formannskapet, 19.02.2026**

Formannskapet ber kommunedirektøren gå i dialog med Næringshagen om å levera tenester i tråd med tidlegare avtale ut 2026. Med ein tillegskostnad på Kr. 300 000,-, finansierast frå disposisjonsfondet.

### **19.02.2026 Formannskapet**

#### **Handsaming:**

Fellesforslag, foreslått av Mads Drange, Arbeiderpartiet

Formannskapet ber kommunedirektøren gå i dialog med Næringshagen om å levera tenester i tråd med tidlegare avtale ut 2026. Med ein tillegskostnad på Kr. 300 000,-, finansierast frå disposisjonsfondet.

#### **RØYSTING**

Samrøystes i samsvar med fellesforslag.

#### **F - 008/26 Vedtak:**

Formannskapet ber kommunedirektøren gå i dialog med Næringshagen om å levera tenester i tråd med tidlegare avtale ut 2026. Med ein tillegskostnad på Kr. 300 000,-, finansierast frå disposisjonsfondet.

### **05.03.2026 Kommunestyret**

#### **Handsaming:**

Representanten Randi L. Kilane spør seg ugild.

Kommunedirektøren si vurdering:

Kommunedirektøren tilrår at utvalet finn representanten ugild, ut frå forvaltningslova §6 paragraf e andre ledd:« Likeså er han ugild når andre særegne forhold foreligger som er egnet til å svekke tilliten til hans upartiskhet; blant annet skal legges vekt på om avgjørelsen i saken kan innebære særlig fordel, tap eller ulempe for ham selv eller noen som han har nær personlig tilknytning til.» Som styremedlem ligg det ei rekke forpliktelser for styret og dets medlemmer etter aksjeloven. Oppsummert så er et styremedlems rolle å ivareta verksamdass sine interesser overfor omverdenen, og tilknytninga til verksemda er då sterk.

Kommunestyret finn representanten ugild.

#### **RØYSTING:**

Samrøystes i samsvar med formannskapet si innstilling.

#### **K - 009/26 Vedtak:**

Kommunestyret ber kommunedirektøren gå i dialog med Næringshagen om å levera tenester i tråd med tidlegare avtale ut 2026. Med ein tillegskostnad på Kr. 300 000,-, finansierast frå disposisjonsfondet.

010/26 Tilleggsbevilgning mobildekning Kolstø/Tysse

**Kommunedirektøren si innstilling**

Kommunestyret tildeler 1,2 millionar ekstra til *Vidare utbygging av fiber, mobil og breiband-dekning i Suldal* i 2026. Tiltaket blir finansiert i frå kommunikasjonsfondet.

**Vedtak som innstilling frå Formannskapet, 19.02.2026**

Kommunestyret tildeler 1,2 millionar ekstra til *Vidare utbygging av fiber, mobil og breiband-dekning i Suldal* i 2026. Tiltaket blir finansiert i frå kommunikasjonsfondet.

**19.02.2026 Formannskapet**

**Handsaming:**

**RØYSTING:**

Samrøystes i samsvar med kommunedirektøren si innstilling.

**F - 009/26 Vedtak:**

Kommunestyret tildeler 1,2 millionar ekstra til *Vidare utbygging av fiber, mobil og breiband-dekning i Suldal* i 2026. Tiltaket blir finansiert i frå kommunikasjonsfondet.

**05.03.2026 Kommunestyret**

**Handsaming:**

**RØYSTING:**

Samrøystes i samsvar med formannskapet si innstilling.

**K - 010/26 Vedtak:**

Kommunestyret tildeler 1,2 millionar ekstra til *Vidare utbygging av fiber, mobil og breiband-dekning i Suldal* i 2026. Tiltaket blir finansiert i frå kommunikasjonsfondet.

011/26 Ryfylke IKS - Honorar til ungdomsstyret for representant valt av kommunen

**Kommunedirektøren si innstilling**

Suldal kommune dekker honorar for kommunen sin representant i Ungdomsstyret i Ryfylke som er vald frå ungdomsrådet, i tråd med gjeldande satsar for Ungdomsstyret i Ryfylke IKS. Vedtaket gis med tilbakeverkande kraft og gjeld frå 2025.

**05.03.2026 Kommunestyret**

**Handsaming:**

Samrøystes i samsvar med kommunedirektøren si innstilling.

**K - 011/26 Vedtak:**

Suldal kommune dekker honorar for kommunen sin representant i Ungdomsstyret i Ryfylke som er vald frå ungdomsrådet, i tråd med gjeldande satsar for Ungdomsstyret i Ryfylke IKS. Vedtaket gis med tilbakeverkande kraft og gjeld frå 2025.

012/26 Utgreiing av vernestatus, historikk og utviklingsmoglegheiter i Hålandsdalen i samarbeid med grunneigarar og relevante faginstansar

### **Kommunedirektøren si innstilling**

Kommunedirektøren kjem tilbake med ei vurdering knytt til:

1. Eit juridisk kunnskapsgrunnlag som kan ligga til grunn for ei vurdering av om det har noko føre seg å arbeida vidare med dette politisk opp mot sentrale myndigheiter, gitt politisk fleirtal for dette i kommunen
2. Har vernevedtaket frå 90-talet manglar når det gjeld vurderinga av å gjera vassdraget til eit referansevassdrag – og/eller fordi grunneigarane ikkje fekk nokon form for kompensasjon når det til slutt vart verna
3. Juridisk vurdering av vedtaket som vart gjort, samt faglege vurderingar knytt til natur- og miljøkonsekvensar av ei eventuell oppheving av vernet

Arbeidet skal gjennomførast med ei kostnadsramme på inntil kr. 400 000,-. Dette blir finansiert ved bruk av disposisjonsfond.

### **05.03.2026 Kommunestyret**

#### **Handsaming:**

alternativt forslag, foreslått av Reidar Sand, Sosialistisk Venstreparti

Kommunedirektøren kjem tilbake med ei vurdering knytt til om vernevedtaket frå 90-talet har manglar når det gjeld vurderinga at grunneigarane ikkje fekk nokon form for kompensasjon når det til slutt vart verna.

Gruppemøte kl. 11:17-11:30.

#### **RØYSTING:**

Kommunedirektøren si innstilling:

For: AP, SP, KrF, V, H

Alternativt forslag frå SV:

For: SV

#### **K - 012/26 Vedtak:**

Kommunedirektøren kjem tilbake med ei vurdering knytt til:

1. Eit juridisk kunnskapsgrunnlag som kan ligga til grunn for ei vurdering av om det har noko føre seg å arbeida vidare med dette politisk opp mot sentrale myndigheiter, gitt politisk fleirtal for dette i kommunen
2. Har vernevedtaket frå 90-talet manglar når det gjeld vurderinga av å gjera vassdraget til eit referansevassdrag – og/eller fordi grunneigarane ikkje fekk nokon form for kompensasjon når det til slutt vart verna
3. Juridisk vurdering av vedtaket som vart gjort, samt faglege vurderingar knytt til natur- og miljøkonsekvensar av ei eventuell oppheving av vernet

Arbeidet skal gjennomførast med ei kostnadsramme på inntil kr. 400 000,-. Dette blir finansiert ved bruk av disposisjonsfond.

### **Kommunedirektøren si innstilling**

Suldal kommune sender tiltak for fysiske trafikktryggleikstiltak på fylkesvegar frå Kommunal Trafikktryggleiksplan Suldal kommune 2025 - 2028 som sine innspel til Rogaland Fylkeskommunes handlingsprogram for samferdsel.

### **Vedtak som innstilling frå Formannskapet, 19.02.2026**

Suldal kommune sender tiltak for fysiske trafikktryggleikstiltak på fylkesvegar frå Kommunal Trafikktryggleiksplan Suldal kommune 2025 - 2028 som sine innspel til Rogaland Fylkeskommunes handlingsprogram for samferdsel.

### **19.02.2026 Formannskapet**

#### **Handsaming:**

#### **RØYSTING**

Samrøystes i samsvar med kommunedirektøren si innstilling.

#### **F - 010/26 Vedtak:**

Suldal kommune sender tiltak for fysiske trafikktryggleikstiltak på fylkesvegar frå Kommunal Trafikktryggleiksplan Suldal kommune 2025 - 2028 som sine innspel til Rogaland Fylkeskommunes handlingsprogram for samferdsel.

### **05.03.2026 Kommunestyret**

#### **Handsaming:**

Fellesforslag, foreslått av Olav Lindseth, Venstre

Kommunestyret ber kommunedirektøren utarbeide høyringssvar til Rogaland fylkeskommune si rullering av handlingsprogram for samferdsel, der følgjande fylkesvegstrekingar blir prioriterte som særleg viktige for trafikksikkerheit, næringstransport, beredskap og regional utvikling:

- Fv 517 Tysingvatnet – Jelsa
- Fv 681 Vatlandsvåg – Hebnes
- Fv 691 Nesflaten – Roalkvam
- Fv 4702 Jøsenfjorden – Gullingen

Kommunen legg til grunn at tiltaka blir vurderte innanfor prinsippet om «rett standard på rett stad» og fylkeskommunen si målsetting om «godt nok»-standard, med vekt på utbetring, sikring og styrking av eksisterande vegnett.

Forslag frå SP, foreslått av Berit Fyljesvoll Haugslund, Senterpartiet

Den tryggaste fylkesvegen i Suldal er sjøvegen, og det er derfor viktig å oppretthalda dei daglege avgangane frå Sauda til Stavanger med fleire anløp langs leia i Suldal med viktige fjordkryssingar.

Øyvind Tveitane Lovra SP ber om gruppemøte.

Gruppemøte kl. 11.47 - 11.55.

Tilleggsforslag, foreslått av Olav Lindseth, Venstre

Kommunestyret ber kommunedirektøren ta med hurtigbåten som ein del av argumentasjon for fylkesvegprosjekta

## RØYSTING

Fellesforslag med forslag frå SP:

For: SP, KrF, SV, H

Fellesforslag med tilleggsforslag frå V:

For: AP, V

-----  
Fellesforslag:

For: AP, KrF

Fellesforslag med forslag frå SP:

For: SP, H, SV, V

### **K - 013/26 Vedtak:**

Kommunestyret ber kommunedirektøren utarbeide høyringssvar til Rogaland fylkeskommune si rullering av handlingsprogram for samferdsel, der følgjande fylkesvegstrekingar blir prioriterte som særleg viktige for trafiksikkerheit, næringstransport, beredskap og regional utvikling:

- Fv 517 Tysingvatnet – Jelsa
- Fv 681 Vatlandsvåg – Hebnes
- Fv 691 Nesflaten – Roalkvam
- Fv 4702 Jøsenfjorden – Gullingen

Kommunen legg til grunn at tiltaka blir vurderte innanfor prinsippet om «rett standard på rett stad» og fylkeskommunen si målsetting om «godt nok»-standard, med vekt på utbetring, sikring og styrking av eksisterande vegnett.

Den tryggaste fylkesvegen i Suldal er sjøvegen, og det er derfor viktig å oppretthalda dei daglege avgangane frå Sauda til Stavanger med fleire anløp langs leia i Suldal med viktige fjordkryssingar.